



Landbruks- og matdepartementet - e-postadr. postmottak@lmd.dep.no

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
13/2261-12	29742/14	V60 &00	SEN/SEN/WBD	

HØRING - FORSLAG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA - MELDING OM VEDTAK

Klepp kommunestyre har i møtet 15.12.14, sak 76/14 gjort slikt vedtak vedk. uttale til forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta:

”Med 17 mot 14 stemmer blei vedtatt:

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Kommunestyret i Klepp støttar landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheva konsesjonslova.

Kommunestyret i Klepp meiner at konsesjonslova hindrar omsetning av landbrukseigedomar som ein samla einhet.

Dagens mogligheit for oppsplitting av landbrukseigedomar for å unngå priskontroll på delar av egedomen er i seg sjølv eit argument for oppheving av konsesjonslova.

Det bør i det vidare arbeidet leggjast vekt på ordningar som reduserar andelen leigejord og sikrar aktive bønder eigarskap til landbruksareala.”

Vedlagt følgjer særutskrift av saka.

Klepp kommune, 18.12.2014

Ane Mari Braut Nese
Ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Formannskapet
Kommunestyret

Møtedato: Sak nr:
01.12.14 65/14
15.12.2014 76/14

Saksbehandler: Atle Barkve
Arkivsak: 13/2261-11

Arkiv: V60 &00

HØRING - FORSLAG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA

Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet foreslår å oppheve lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova), samt å oppheve enkelte bestemmelsar i lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova) som gjeld buplikt.

Nedanfor vil ein gi ein kort omtale av enkelte sider ved konsesjonslova og nemnde del av odelslova og betydning av desse lovene i Klepp kommune. Elles viser ein til vedlagte oversiktelege og grundige høyringsnotat.

Om konsesjonslova

Gjeldande konsesjonslov har til føremål ”å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlig for samfunnet.”

Føremålsparagrafen legg opp til at ei rekke omsyn skal ivaretakast. Dette gjeld m.a.:

- ”1. *framtidige generasjoners behov.*
2. *landbruksnæringen.*
3. *behovet for utbyggingsgrunn.*
4. *hensynet til miljøet, almenne naturverninteresser og friluftinteresser.*
5. *hensynet til bosettingen.*”

Konsesjonslova er ikkje ei spesifikk landbrukslov som einsidig skal tilgodesjå landbruksnæringa sine interesser. Ei lang rekke unntak i lova gjer at konsesjon oftast er uaktuell i samband med omsetning av landbrukseigedommar. Dei kjøparane som har odelsrett treng ikkje konsesjon. I Klepp kommune har det i dei seinare år berre blitt behandla ei handfull saker som gjeld omsetning av heile landbrukseigedommar. Men det har vore behandla ei lang rekke konsesjonssaker knytt til sal av tilleggsjord, i samband med bruksrasjonaliseringssaker.

I konsesjonslovbehandlinga som gjeld landbrukseigedommar/-areal skal det ifølge § 9 pkt 1 leggjast særleg vekt på m.a.

- ” - *om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling. Og*
- *om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning.*”

Klepp kommune si konsesjonsbehandling har bidrege til å halda kostnadane i næringa lågare enn det dei truleg elles ville ha vore. Vidare har behandlinga bidrege til driftsmessige løysingar som er gode både for kjøparar av tilleggsjord og for samfunnet. Med tanke på miljø, transport, økonomi m.v. har kommunen mulegheit til å hindra dårlege løysingar og slik sett legga til rette for gode løysingar når det gjeld omsetning av landbruksareal. Retningslinjene og prisgrenser som Klepp kommune nyttar er godt kjende i næringa. Prisgrensa på fulldyrka jord, kr 15.000, og høgare i dei tilfella som gjeld grønsak- og gartneriareal er såpass høge at ein har inntrykk av at det ikkje er ”pengar under bordet” i slike eigedomshandlar.

For bebygde, konsesjonspliktige landbrukseigedommar der kjøpesummen er under kr 2.500.000 skal prisvurderinga etter gjeldande regelverk utelatast. Omsetning av landbrukseigedommar som er bebygde og som ikkje er over 100 dekar og der den fulldyrka og overflatedyrka jorda ikkje er meir enn 25 dekar, treng heller ikkje konsesjonsbehandling.

Konsesjonsplikt kan medføra enkelte uønska virkningar både for gardeigar og samfunnet.

Døme på slike er:

- Mindre omsetning av eigedom fordi eigaren tykjer han får for lite for eigdommen
- Mindre omsetning inneber ei ”forgubbing” på eigarsida, mindre rekruttering og ein høgare leigejordandel
- Eigar av landbrukseigedom vert tilbakehalden med å investera i eigedom, slik at driftsgrunnlaget på eigdommen vert svakare enn det elles kunne blitt. Det same gjeld naturressursutnyttinga.

Døme på uheldige sider dersom konsesjonsloven vert fjerna:

- Høgare kostnadar i næringa vil slå ut i høgare gjeldsbelastning og matvareprisar
- Høgare eigdomsprisar kan hindre nyrekruttering
- Høge eigdomsprisar og spekulasjon knytt til oppkjøp av areal i lmf-område nær tettstader. Ein annan effekt er høgt utbyggingspress på bekostning av jordvernet.

Om buplikta

Bestemmelsane om lovbestemt buplikt er avgrensa til å gjelda bebygd eigedom som fyller krava til odlingsjord (over 25 dekar fulldyrka jord eller overflatedyrka jord eller over 500 dekar produktivt skogareal), og der eigdommen er eller har vore brukt til heilårsbustad. Eigarar som ikkje vil oppfylla buplikta må søke om konsesjon.

Føremålet med buplikta har vore knytt til at eigaren av ein landbrukseigedom skal bu på eigdommen. Buplikt på landbrukseigedom vil slik sett førebygga ei uheldig og spekulativ oppsamling av fleire landbrukseigedommar på få eigarhender. Vidare har den vore førebyggjande mot odelsløysingar som ikkje har tilknytning til landbruksnæringa og som ved odelsløysinga heller ikkje har tilføremål å gå inn i næringa. Slik sett hindrar buplikta at ein odelsløysar lettvisst kan fordriva ein annan som har overteke eigdommen og som har til føremål å ha den som heim og leveveg.

I Klepp kommune kan ein trygt seie at bulysta er sterkare enn buplikta. Det har vore få fritakssaker og konsesjonssaker som følgje av at eigar av landbrukseigedom mellombels eller varig ikkje har ynskt å busetja seg på landbrukseigedommen.

I Klepp har buplikta truleg hatt størst effekt i høve til dyrevelferd. Den som eig og driv garden har budd i nærleiken til husdyra.

Konklusjon

Dersom både konsesjonslova og buplikta vert oppheva vil det over tid kunne få uheldige konsekvensar både for landbruksnæringa som heilhet, for den enkelte næringsutøvar og for samfunnet. Stikkord her er eit stigande kostnadsnivå i og utanfor næringa, miljø- og transportulempar, og ei uheldig oppsamling av landbrukseigedommar på få eigarhender og utbyggingspress.

Dei positive sidene ved konsesjonslova og buplikta bør behaldast. Det bør vurderast om beløpsgrensa og arealgrensene bør hevast.

Vedlegg:

Landbruks- og matdepartementet: Høyringsnotat av 15. okt. 2014 om oppheving av konsesjonslova og buplikt.

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Konsesjonslova og buplikta bør ikkje opphevast – jfr saksutgreiinga.
2. Det bør vurderast om gjeldande beløpsgrense for konsesjonsvurdering bør hevast.
3. Det bør vurderast om krava til arealstorleik jfr konsesjonslova § 4 pkt 4 bør hevast.

Behandling:

Omforent forslag:

Saka blir sluttbehandla i kommunestyret.

Forslag frå Vidar Haugland -h

Kommunestyret i Klepp støttar landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheva konsesjonslova.

Kommunestyret i Klepp meiner at konsesjonslova hindrar omsetning av landbrukseigedomar som ein samla einhet.

Dagens moglegheit for oppsplitting av landbrukseigedomar for å unngå priskontroll på delar av eigedomen er i seg sjølv eit argument for oppheving av konsesjonslova.

Det bør i det vidare arbeidet leggjast vekt på ordningar som reduserar andelen leigejord og sikrar aktive bønder eigarskap til landbruksareala.

Votering:

Omforent forslag fekk 9 stemmer.

Innstillinga fekk 5 stemmer, Hilde Kraggerud -sp, Sigmund Rolfsen -a, Kjersti Olimb Salte -krf, Torbjørn Hovland -krf og Børge Brunes -v.

Forslaget frå Vidar Haugland -h fekk 4 stemmer, Ane Mari Braut Nese -h, Vidar Haugland -h, Reidar Øksnevad -h og Torunn A. Rasmussen -frp.

Formannskapet 01.12.14 sak 65/14**TILRÅDING:**

Fleirtalet (5) Hilde Kraggerud -sp, Sigmund Rolfsen -a, Kjersti Olimb Salte -krf, Torbjørn Hovland -krf og Børge Brunes -v **TILRÅR:**

1. Konesjonslova og buplikta bør ikkje opphevast – jfr saksutgreiinga.
2. Det bør vurderast om gjeldande beløpsgrense for konesjonsvurdering bør hevast.
3. Det bør vurderast om krava til arealstorleik jfr konesjonslova § 4 pkt 4 bør hevast.

Mindretalet (4) Ane Mari Braut Nese -h, Vidar Haugland -h, Reidar Øksnevad -h og Torunn A. Rasmussen –frp **TILRÅR:**

Kommunestyret i Klepp støttar landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheva konesjonslova.

Kommunestyret i Klepp meiner at konesjonslova hindrar omsetning av landbrukseigedomar som ein samla einhet.

Dagens moglegheit for oppsplitting av landbrukseigedomar for å unngå priskontroll på delar av eigedomen er i seg sjølv eit argument for oppheving av konesjonslova.

Det bør i det vidare arbeidet leggjast vekt på ordningar som reduserar andelen leigejord og sikrar aktive bønder eigarskap til landbruksareala.

Kommunestyret den 15.12.2014 sak 76/14**Kommunestyret si behandling:**

Ane Mari Braut Nese -h fremma formannskapet si mindretalstilråding.

Votering:

Formannskapet si mindretalstilråding fekk 17 stemmer, h og frp.

Formannskapet si fleirtalstilråding fekk 14 stemmer, krf, a, sp og v. Dette forslaget falt.

Med 17 mot 14 stemmer blei vedtatt:

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Kommunestyret i Klepp støttar landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheva konsesjonslova.

Kommunestyret i Klepp meiner at konsesjonslova hindrar omsetning av landbrukseigedomar som ein samla einhet.

Dagens mogligheit for oppsplitting av landbrukseigedomar for å unngå priskontroll på delar av eigedommen er i seg sjølv eit argument for oppheving av konsesjonslova.

Det bør i det vidare arbeidet leggjast vekt på ordningar som reduserar andelen leigejord og sikrar aktive bønder eigarskap til landbruksareala.

Rett utskrift, 17.12.2014

Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Utskrift til:
Landbruks- og matdepartementet, Postboks 8007 Dep, 0030 OSLO